

Info vedgåande parkerings- og trafikkvakter – 20 aug 2026

Per 20. aug

Generell informasjon

Parkering i høve Tomatfestivalen skjer i utvida området ved Agromiljø og utvida området ved Finnøy Fleirbrukshall. Tor Øyvind informerer først hovudvaktavande Trond Arne Borgemyr og Pål Grønås om logistikken. Desse forklarar dei første vaktene korleis det skal gjerast. Trond Arne og Pål er tilgjengelege på telefon heile dagen.

PS: Vakt (er) til området ved hurtigbåtkaiaen – sjå eigen innstruks heilt på slutten.

Praktisk om vegvising og plassering av bilar

- Alle bilar som passerer rundkøyringa, blir stoppa på Nådå. Folk som skal til husstandar på «sørsida» av Judaberg, skal handla på Kiwi , eller som skal ta båt, blir sendt vidare til Judaberg via Få/Vikekleiva.
- Alle som skal på festival blir sendt vekselvis over Nådådalen og rett til Få/Judaberg. Dette gjeld også handicap-bilar. Det er flest parkeringsplassar ved Agromiljø. Det er viktig at alle har same telefonliste og vaktliste – så kan ein sjå kven ein kontaktar viss det blir skeivfordeling undervegs.
- Kapasiteten skal vera god med god logistikk.

Viktig for alle å vita:

- Det er skilta handicap-parkering nedanfor Øyposten (nord) og bak Finnøy Næringspark (sør). Altså på begge sider av festivalområdet.
- Det vil ikkje vera mogleg å handla med bil ved Coop før etter kl. 17 denne dagen. Det vil heller ikkje vera mogleg å fylla drivstoff eller lada bil ved Coop.
- Bubilar: Skilta område ved «gamle Rygjabø-tomta». Med andre ord må bubilar sendast gjennom Nådådalen.
- **Ja, det er heilt umogleg å køyra gjennom festivalområdet mellom kl. 09 og 17**
- Me nyttar telefon for å få kontakt med vaktene på Nådå + mellom dugnadstelt og parkeringsvaktene i felten. Parkeringsvaktene ved hallen har internt 4 samband på kanal 4, medan Agromiljø har kanal 6. Alle er ferdig innstilte. Ikkje skru over på kanal 2 – då kjem de på beredskap.
- NB: Nummer ligg på vaktlista. Dei som står som «ansvarleg» i rubrikka er bindeleddet mellom stasjonane og dugnadskontoret + Trond Arne/Pål.

Oppmøte:

Me set stor pris på om alle er ute i god tid. For det er viktig at me ikkje er bakpå frå starten av. Møt ved infotelt/dugnadstelt seinast 15 min før vakta startar. Dei FIRE første personane både ved hallen og Agromiljø får vest + sambandsutstyr med seg.

Dei neste melder frå i messekontoret at dei kjem, og går så og avløyser dei andre – og får gul vest + samband av desse. Det som er bra er at det aldri er «fullt» bytte. Dvs. at det er overlappingar.

NB: Dersom det er nokon som ønskjer å møta direkte, tar de kontakt med Pål Grønås eller Trond Arne Borgemyr, så kan dei melda inn til dugnadsteltet. De overtar alltid vaktvest og evt samband frå dei som er der.

Det kan vera «olstre» for dei to første vaktene på Nådå først å melda seg på dognadskontoret. Gjer evt. ein avtale med Erik, Pål eller Trond Arne om å få gul vaktvest med seg tidlegare – og møt så direkte. Dette fiksar de sjølv kva som er føremålstenleg.

Spesifikt til vaktene på Nådå

- Hugs å stansa alle bilar. Spør kor folk skal. Vis dei deretter veg.
- Ferje/hurtigbåt, folk til eigedomar på «sørsida» og Kiwitrafikk skal rett fram.
- På grønt lys sendes alle til “sørsida” ved Agromiljø. På raudt lys sendes bilane over Nådå.
- Dersom det blir stor pågang, kan ein sende bilar til venstre over med Leikvoll og rundt til flerbrukshallen.
- Ring ansvarlege evt parkeringsvakter om det er noko.

Spesifikt til Agromiljø og hallengjengen:

- De vil få god info når de kjem på plass
- Det er viktig at me nyttar områda godt, slik som me gjev beskjed om når de kjem. Og tenkjer at folk skal ut igjen ...
- Hugs å setja dykk inn i «viktig for alle å vita». For då har de kontroll på både handicap osv.
- Overlever vestar og walkiar til neste folk.
- Dei fire siste leverer inn vest og walkie.
- Merk at person 7 og person 13-14 både får med vest og walkie og leverer tilbake.

Vakt ved hurtigbåtkaiaen:

Det er lurt å stå ved innkøyrsla til p-plassen (ikkje langt frå venterommet)

Her er det ei tredelt oppgåve:

- Kjem det bilar av ferjene, og køyrer rett inn mot parkeringsplassen, så stopp desse og spør om dei skal til festival. Viss ja, må de faktisk be dei køyra opp til Agromiljø for å parkera. For dette området er for:
 - o Reisande med hurtigbåtar/ferjer FRÅ Judaberg.
 - o Utstillarar
 - o Handicap.
- Kjem det andre bilar:
 - o Grusområdet bak p-plass kan brukast til utstillarar.
 - o Grusområdet OG asfalt på sjøsida kan brukast til Handicap. Då må dei ha handicapskilt i bilen.
- Pass på at det er rom for å køyra ut/inn:
 - o Inn til grusområdet bak oppmerka parkeringsplassar
 - o I stort «hol» i gjerdet mellom grusplassen og Finnøy Næringspark.

Viktige telefonnummer:

Parkeringsansvarlege den 16. august

Pål Grønås	970 40 089
Trond Arne Borgemyr	905 11 272
Erik T. Flesjå-Johansen – FILansvarleg i dognadstelt	995 91 516

Tor Øyvind Skeiseid
Tilretteleggjar frå FIL